



Kristian O. Bringedal overrekte blomehelsing frå Uskedal Utvikling til Roy Lervåg i samband med opninga av SmakifråOska.

Det er liv vertshuset på kaien i Uskedalen att. Fredag hadde den nye drivaren Roy Lervåg dei første gjestene sine i huset som no ber namnet Oska etter Uskedalselva. Laurdag ettermiddag vart han overrekk blomehelsing frå Uskedal Utvikling i samband med opninga. Då var Lervåg travelt opptatt med å gjera klart til nytt julebord laurdag kveld

Det var leiaren i UU, Kristian Bringedal, som stod for overrekkinga av blomane. I helsingorda sine sa Bringedal m.a. at det er nedfelt i handlingsprogrammet til UU at dei skal visa positiv merksemd omkring næringsetablering og -drift i bygda. Det vert mellom anna gjort ved invitasjonar til møte i UU, og blomehelsingar ved opning. - Vi er veldig fornøgde, spente og fylte av forventning til det som skjer no, og eg vil oppmoda bygdefolket og andre til å bruka dette tilbodet, sa UU-leiaren i helsinga.

Han sa vidare at han håpa på eit positivt samarbeid, og det var noko som Roy Lervåg også ønskte. Han håpa at han ville få innspel til t.d. temakvelder og anna som kunne arrangerast.

I tida framover er det naturleg nok julearrangement som dominerer på Oska. Denne helga er det julebord medan det neste helg vert juleølsmaking på fredag og lutefiskbufet på laurdag. Til begge desse arrangementa er det påmelding innan 25.11.

Når jula er over, lovar Roy Lervåg at SmakifråOska vil servera både komlemiddagar, og familiemiddagar på søndagar der ein vert servert på heimleg vis med skåler på borda. På fredagar og laurdagar vert det opne arrangement med litt av kvart, for eksempel konsertar.

Lervåg fortalde at han hadde fått ei formidabel mottaking i Uskedalen. Opningshelga hadde det strøyma på med helsingar, og i tillegg følte han at han møtte mykje velvilje.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland

